

Hareid Arbeidarparti og Bigset skule

Hareid Arbeidarparti hadde eit innlegg her i avisa 4.januar der ein gjer greie for vedtaka sine i kommunestyret gjeldande Bigset skule. Trongen for slik klargjering har vi forståing for.

I sin iver etter å forklare kvifor dei røysta som dei gjorde, fall dei for freistinga til å hevde at motparten - Folkelista, Frp og Sv – fører ein uansvarleg politikk som fører til lovbrøt i desse spørsmåla. Vi synest det er naturleg at Hareid Arbeidarparti får ei lita tilbakemelding på dette.

Det politiske fleirtalet i Hareid - Ap, H, Krf og V – vedtok å starte ein prosess med endring av skulestruktur og nedlegging av Bigset skule som mogleg resultat. I saka etterpå fatta det same fleirtalet vedtak i budsjettet der midlane til drift av Bigset skule er fjerna frå komande haust. Budsjettet, som er juridisk bindande, inneheld ikkje pengar til Bigset skule frå hausten av. Men det formelle nedleggingsvedtaket kan etter planen ikkje verte fatta før i mars.

Dette er bakgrunnen for at Folkelista i samarbeid med Sv har sendt inn ynskje om lovlegkontroll av budsjettvedtaket. Vi meiner at ein ikkje kan fjerne pengane til ein skule før han er lovleg nedlagd. I budsjettet har kommunestyret forskottert nedlegging av Bigset skule. Å handsame sak om mogleg nedlegging av Bigset skule ”på ein lovleg måte” 3 månader etterpå, vert då eit spel for galleriet.

I budsjettsaka fremja Folkelista framlegg om auka løyving til skulesektoren for å hindre nedlegging av Bigset skule. Men nøyaktig kor stort behovet er for ekstraløyving, er ikkje godt å seie. Den hevda innsparinga som er lagd inn i budsjettet, er sær s vanskeleg å røkje etter sidan det endå ikkje har kome som eiga sak.

Folkelista er open for å sjå på mange framlegg om innsparing i kommunen, men det må vere utan at ein samstundes skal akseptere at endring av skulestruktur kjem på dagsorden.

Skulestruktursaker er svært viktige og avgjerande for dei bygdelaga det gjeld. Dersom ein likevel meiner at skulenedlegging er noko som dessverre må til, meiner vi ein ope bør stille til val med eit slikt punkt på programmet. Då kan veljarane få kunnskap om kva dei har å halde seg til. Vi synest det er ein demokratisk måte å arbeide på, og veljarane slepp å verte førte bak lyset av fagre vallovnader.

Folkelista for Hareid kommune,
Dag Audun Eliassen